
Fra: Einar Færø
Sendt: 13. november 2015 14:57
Til: Postmottak Radøy
Emne: VS: Solberg Scandinavian - spørsmål rundt avtale om bruk av grunn for reinsing av vatn frå lokal bekk
Vedlegg: Skisse plan prinsipp 20151013.pdf

Fra: Hogne Høysæter [<mailto:HHOY@cowi.no>]
Sendt: 23. oktober 2015 14:27
Til: Einar Færø
Emne: FW: Solberg Scandinavian - spørsmål rundt avtale om bruk av grunn for reinsing av vatn frå lokal bekk

Fekk feilmelding første gong, så eg prøver igjen.

From: Hogne Høysæter
Sent: Friday, October 23, 2015 2:11 PM
To: 'einar.faeroe@radoy.kommune.no' <einar.faeroe@radoy.kommune.no>
Cc: 'Øystein Vetås' <oystein.vetas@solbergfoam.com>; 'Oddmund Soldal (ODS@cowi.no)' <ODS@cowi.no>
Subject: Solberg Scandinavian - spørsmål rundt avtale om bruk av grunn for reinsing av vatn frå lokal bekk

Hei

Viser til telefonsamtale tidlegare i dag. Solberg Scandinavian har fått pålegg frå Miljødirektoratet om å reinsa vatn i bekk nedanfor fabrikk.

Eg oversender som avtala teikningsutkast som har status som skisse for korleis reinsing og anlegg for dette kan plasserast på nedsida av vegen.

Slik eg skjønar det er det Radøy kommune som er grunneigar for området nedanfor vegen. I første omgang vil det vera naturleg at det vert avklara at Radøy kommune og Solberg Scandinavian kan gjera avtale om bruk av grunnen til å gjera tiltak for å reinsa vatnet i den lokale bekken.

Om ein vert einige om avtale for bruk av grunnen, så må ein i neste omgang gjennomføra ein vanleg byggjesak der tiltaket vert nabovarsla og omsøkt.

Det hadde vore fint å få innspel om Radøy kommune ser at det er moment som ein må ta ekstra omsyn til.

Det er lagt til grunn at arbeida kan gjerast utan sprengning, at vegtilkomst for etablering av anlegg og drift av dette vert lagt på steinfylling og plattingar etc. kan fjernast i ettertid om det skulle visa seg at ein ikkje treng reinsa lengre. Ein kan då langt på veg tilbakeføra terrenget til slik det er i dag.

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål til det som er skriva eller det er ønskje om meir informasjon knytt til reinseprosessane.

Med venleg helsing

Hogne Høysæter
Ingeniør

COWI AS
Sandvenvegen 40
5600 Norheimsund

Sentralbord: (+47) 02694
Direkte: (+47) 950 85 656
E-post: hhoy@cowi.no
www.cowi.no / www.cowi.com

Tenk på miljøet - må du skrive ut denne e-posten?